



REGULERINGSFØRESEGNER FOR

Detaljreguleringsplan for E39 Oppedal ferjekai.

Etablering av liggekai.

Dato: 21.08.2023

Nasjonal arealplan-ID: 4635_2022001

§ 1 GENERELT

§1.1 Føremål

Prosjektet er eit samfersdelstiltak der hovudføremålet med reguleringsplanen er å betre framkoma på E39. Dette skal gjerast ved å oppgradere eksisterande ferjelei for å tilrettelegge for auka kapasitet og frekvens på ferjesambandet E39 Lavik – Oppedal ved etablering av ny liggekai.

§1.2 Avgrensing

Planen si avgrensing er synt på teikning R1. Plangrensa er synt på teikninga. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.

§1.3 Reguleringsføremål

1.3.1 Planen angir arealføremål i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) §12-5. Arealføremåla er synte i plankartet og planområdet har følgjande reguleringsføremål:

- o_V - Veg
- o_ST – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
- o_AVT – Annen veggrunn – tekniske anlegg
- o_AVG – Annen veggrunn – grøntareal
- o_HOS – Havneområde i sjø
- o_FA – Farled
- o_NSVS - Naturområde i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone
- L - Landbruksformål
- LS - LNFR-areal for spredt bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse mv
- NÆ - Næringsbebyggelse
- UNB - Uthus/naust/badepus

Og følgjande omsynsoner:

- H140_Frisikt
- H310 Ras- og skredfare
- H320 Flomfare

1.3.2 Areal som skal vere offentlege er synt i reguleringsplankartet med kode o_ framfor reguleringsføremålet. Areal med annan eigarform er areal som skal vere i privat eige.

§ 2 FELLESFØRESEGNER

§ 2.1 Utforming PBL § 12–7 nr. 1

2.1.1 Omsynet til landskapet og strandsona skal sikrast gjennom utarbeiding av byggeplanar og ved gjennomføring av anlegget. Nye inngrep og uterom utformast med høg arkitektonisk og materialmessig kvalitet, og vere tilpassa med omtanke for terreng og landskap. Det skal legges vekt på løysningar som fremjar opphald og god opplevelse. Murar og anna vegareal skal opparbeidast med utgangspunkt i dei løysingar som er synte i reguleringsplan. Det skal utarbeidast landskapsplan/ O-teikningar for tiltaket i prosjekteringsfasen. Desse skal vere førande for bygging og ferdigstilling av anlegget.

2.1.2 Bygde element, som murar og servicebygg, skal ha god og gjennomtenkt utforming og ha høg materialkvalitet.

2.1.3 Ved etablering av belysning i samband med liggekaien skal det nyttast lyskjelder som er skjerma i horisontalplanet for hindre blending av ferjene.

2.1.4 Pilsymbol i plankartet gjev rett til tilkomst til eigedom.

§ 2.2 Støy PBL § 12–7 nr. 3

Klima- og miljødepartementet (2021) si retningsline for støy i arealplanlegging (T-1442) skal leggest til grunn for tiltak. Støygrensene skal, så langt det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg etter kostnads-/nyttevurderingar, tilfredstillast.

§ 2.3 Universell utforming

Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming og tilgjengelighet for alle.

§ 2.4 Byggegrenser mot veg PBL § 12–7 nr. 2

Der byggegrenser ikkje er synt i planen gjeld reglane i Veglova §29.

§ 2.5 Byggegrense mot sjø PBL § 12–7 nr. 2

Føremålsliner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er samanfallande med byggegrense mot sjø. Forbod mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen gjeld ikkje innanfor formålsliner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (12-5 nr. 2) eller føresegningsområde (12-7).

§ 2.6 Kulturminne PBL § 12–7 nr. 2

Dersom det under arbeid i planområdet vert avdekka kulturminner skal arbeidet stoppast i den utstrekninga det berører kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter, frå kulturminnet sin ytterkant. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka er gjort kjent med denne bestemmelsen. Melding av funn skal straks sendast til Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering, i samsvar med kulturminnelova § 8 andre ledd.

§2.7 Plan for Ytre miljø (YM-plan)

Ytre miljøplan skal utarbeidast i samband med prosjektering av anlegget og inngå i konkurransegrunnlaget. YM-planen skal fylgjast opp i vidare planprosess, utbygging og drift. Ved utarbeiding av YM-plan skal punkta som er tekne med i planomtalen kapittel 8.2 følgjast opp (innspeil til YM-plan).

§2.8 Rigg- og marksikringsplan (RM-plan)

Rigg- og marksikringsplan skal utarbeidast i starten av prosjekteringsfasen. Område mot Oppedalselva som ikkje skal berørast skal avmerkast i terrenget.

§ 2.9 ROS-analyse

Risikotilhøve avdekka i ROS-analyse, jf kapittel 7 i planomtalen, skal ivaretakast i byggeplan og anleggsfase. Tiltak skal gjennomførast så langt det er naudsynt.

§ 2.10 Handsaming av matjord/topplag

Topplag/matjord som ikkje er infisert av framande skadelege artar skal takast av og lagrast på ein slik måte at jorda seinare kan nyttast som vekstmedium.

§ 2.11 Framande artar

Ved bygging av prosjektet skal framande skadelege artar takast hand om, i tråd med forskrift og SVV-rapport-387.

§ 2.12 Havne- og farvannslova §14

Bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påverka tryggleiken og framkoma i farvatnet skal handsamast etter havne- og farvannslova §14, i tillegg til Plan- og bygningslova.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG (plan- og bygningslova § 12–5 nr. 1)

§3.1 Bygningar og anlegg

Eksisterande næringsområde (NÆ)

Eksisterande naust (UNB). Byggegrense følgjer føremålsgrense. Mønehøgdd skal vere maks 4,5 meter, målt frå gjennomsnittleg planert terrengnivå.

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(plan- og bygningslova § 12–5 nr. 2)

§4.1 o_ST Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

o_ST1. Gjeld eksisterande kai, kollektivanlegg, veg og oppstillingsområde. Det kan også ligge fyllingar, murar og grøfter som trengst for å opparbeide arealet, samt naudsynte bygningar og anlegg tilknytt ferjedrift og ferjekaiområdet.

§4.2 o_V1_Veg, offentleg (2010)

Gjeld eksisterande offentleg køyreveg.

§4.3 o_AVT_ Annan veggrunn – tekniske anlegg (2018)

Areal som blir brukt til anlegg og tekniske bygg og infrastruktur som er naudsynt i samband med drift av ferjesambandet. Området kan i tillegg nyttast som riggområde og mellombelse anleggsvegar i anleggsperiode.

o_AVT1. Areal for eksiterande kai og kaianlegg med tilhøyrande teknisk infrastruktur.

o_AVT2. Eksiterande areal tilknytt ferjedrifta samt areal for HC-parkering.

o_AVT3. Areal for eksisterande reservekai/liggekai.

o_AVT4. Areal nyttast til ny liggekai og konstruksjonar knytt til ferjedrifta. Arealet kan også nyttast til veg, parkering med tilhøyrande elektrisk lading, belysning og rekkverk. Det kan også ligge plastringar, murar og grøfter som trengst for å opparbeide arealet. Infrastruktur for lading, teknisk bygg og andre innstallasjonar tillatast oppført innanfor området. Etablering av ny belysning må

o_AVT5. Areal kan nyttast til servicebygg i tilknytning til ferjedrifta. Mønehøgde for bygg skal vere maks 6,5 meter, målt frå gjennomsnittleg planert terrengnivå. O_AVT5, o_AVT4 og o_AVG5 skal samordnast slik at bygg og uteområde får ein heilskap i tråd med føremålsparagrafen.

§4.4 o_AVG Annan veggrunn – grøntareal, offentleg føremål (2019)

4.4.1 Arealet er regulert til annan veggrunn som sikrar dei offentlege vegareala. Innanfor området er det løyve til å oppføre naudsynte tiltak for bygging, drift og vedlikehald av anlegget. Områda kan med anna benyttast til belysning, murar, rekkverk, stabiliserande tiltak, grøfter og skjærings- og fyllingskråningar. Annan veggrunn kan i tillegg nyttast som riggområde og mellombelse anleggsvegar i anleggsperioden.

4.4.2 Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i desse areala som skadar eller som endrar det offentlege vegarealet. Ved terrenginngrep i område annan veggrunn- grøntareal skal ein velje løysingar som samsvarar med omgivingane. I område o_AVG4 skal det vere eit 5 m breitt belte mot Oppedalselva der det ikkje skal gjerast inngrep. I dette beltet skal den naturlege vegetasjonen takast vare på.

§ 5 LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER SAMT REINDRIFT (LNFR) (plan- og bygningsloven §§ 12–5 nr. 5)

§5.1 L_ Landbruksformål (5110)

Område regulert til landbruksføremål sikrar dagens bruk av området.

Område som er markert med føresegningsområde “Anlegg- og riggområde” kan nyttast til riggområde i anleggsperiode. Ved slik bruk skal området vere sett i stand og attendeført til landbruksformål seinast 1 år etter opning av anlegget.

§5.2 LS_ LNFR-areal for spredt bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse mv (5200)

Område regulert til LS sikrar dagens bruk av området.

§ 6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

(plan- og bygningsloven §§ 12–5 nr. 6)

§ 6.1 o_HOS1 Hamneområde i sjø

6.1.1 Ved behov kan ein mindre del av konstruksjonane til ferjedrift plasserast innanfor havneområde i sjø.

6.1.2 Det vert tillete utdjuving av havneområdet dersom det er naudsynt for å oppretthalda ferjedrifta.

6.1.3 Det kan etablerast plastring på sjøbotn for å hindre erosjon

6.1.4. Det er ikkje tillete med ledningar, røyr og andre innretningar i sjø eller sjøbotn som kan vere til hinder for bruken av området til ferjedrift.

§ 6.2 o_BSV – Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Føremål som sikrar strandsona og legg til rette for aktivitet på land og sjø.

§6.3 o_FA Farled

Område for sjøtrafikk.

FØRESEGNAR TIL OMSYNSSSONER (pbl.§§ 12–6, 7 og 11–8)

§ 6.1 Sikringssoner, H140_Frisikt

I området mellom frisktlinjene og køyreveggen skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane. Statens vegvesen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.

§ 6.2 Faresone H310 – Ras- og skredfare

Omfattar areal med potensiell skredfare jf NVE sin kartbase for aktsemdkart.

H310_1 Området er avsett på bakgrunn av aktsemdskart frå NVE. Ved plan- og byggesaker vert det stilt krav om utgreiing av reell skredfare av fagkyndige før utbygging innanfor område avsett på bakgrunn av aktsemdskart.

§ 6.3 Omsynssone H320 – Flaumfare

Omfattar areal for potensiell flaumfare basert på NVE sitt aktsemdskart. Innanfor omsynssona skal det ikkje gjerast terrengingrep som kan auke flaum- og erosjonsfaren for tilstøytande terreng.

§ 7 BESTEMMELSESONRÅDE (plan- og bygningslova § 12-7)

§ 7.1 # Mellombels anlegg- og riggområde

7.1.1 Områda kan nyttast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av vegprosjektet, det gjeld mellombelse bygningar (brakker) og anlegg, riggområde og mellomlagring av material og massar m.m.

7.1.2 Mellomlagra massar innanfor anleggsområdet skal sikrast mot vassinntrenging og lagrast slik at avrenning til vassdrag vert unngått. Tiltak for å minimere og avgrense avrenning til vassdrag skal konkretiserast i YM-plan og ved utarbeiding av detaljert byggeplan.

7.1.3 Etter avslutta anlegg opphøyrer mellombels reguleringsføremål og arealet går over til føremål synt i planen.

7.1.4 Området skal ryddast og settast i den stand det var innan eit år etter at anlegget er ferdig.